





## William sin familie

### Sjå på bildet og snakk saman om det de ser:

Kven er med i denne familien? Kva gjer dei på bildet? Kva har dei på seg? Kvar er dei?

### Eller les ei lita fortelling om William:



William er 4 og  $\frac{1}{2}$  år og bur saman med mamma, pappa og Emil.

Ser du at William og Emil er nesten heilt like? Det er fordi dei er tvillingar. Det betyr at dei var saman i magen til mammaen sin, og er fødd samtidig. Nokre tvillingar er heilt like, andre er ganske forskjellige. Sjølv om William og Emil ser heilt like ut er dei to forskjellige barn. Dei likar ikkje alltid det same, og har ulike venner i barnehagen.

Både William og Emil har briller. Briller er bra når ein ikkje ser så godt utan, men dei kan innimellom vere irriterande å ha på seg. Spesielt når det regnar! Men det er likevel mykje betre enn å ikkje sjå.

Nokre av dei som møter William og familien lurar på om pappa er bestefaren deira. Pappa har grått hår og er like gamal som bestefaren til Isak i barnehagen. Mamma er mykje yngre. Ho er frå Thailand.

Mamma og pappa seier dei er så heldige som blei kjent med kvarandre sjølv om dei kjem frå ulike delar av verda. Dei gifta seg i Thailand, og så blei mamma med tilbake til Noreg.

På bildet er dei på ferie i Thailand. William likar godt å vere på ferie der. Det er fint å bli kjent med mamma sin familie og vere saman med dei! Men det er litt kjedeleg å sitte så lenge på flyet, og det er visst også veldig dyrt å reise så langt. Difor blir det ikkje så veldig ofte.

### Snakk saman:

Bruk dette som utgangspunkt for å snakke litt om kor ulike familiar kan vere og kva som kan være fint eller dumt i familiar. Få fram at det viktigaste i alle familiar er at dei vaksne passer på og er glade i barna, og at ein prøver å ha det fint saman i kvardagen.

Ingen har det alltid berre bra. Det er heilt normalt å bli sinte på kvarandre, krangle litt, eller seie ting ein angrar på, men det er viktig å prøve å gjere det godt igjen etterpå. Alle treng å føle seg trygge heime og vere sikre på at dei andre i familien er glade i seg.